Styremöte Laurdag 3/12 (Hjå Per J. Hjelmeseth)

Desse mötte:
Tor Berge,
Per Johs. Hjelmeseth,
Ingvald Stenersen,
Asmund Myklebust.

Sakliste:

Sak 1. Sendemann til SFIK årsmöte i Ålesund Söndag 4. Desember.
Sak 2. Stadion anlegget, kva med det?
Sak 3. Korleis skaffe ökonomiske midlar? Forslag frå styremedlemmane.
Sak 4. Vi har problem med trenar ????. Noko lyt gjerast, forslag?
Sak 5. Ymse

Sak 1.: Forslag frå styret var at Per Johs. Hjelmeseth skulle möte på kretstinget.

Sak 2.
Forslaget om å sende forslag til hovedstyret om å appelere til kominen om å gjere noko med bana. Vart foreslått sendt brev frå fri-idrettsgruppa til hovedstyret.

Sak 3.
Når det gjeld ökonomiske midlar vart det foreslått å ha 3 dansar for å betre ökonomien. Bingo vart

og diskütert, men den saka ville ein kome tilbake til. Per Johs. Hjelmeseth la og fram forslag om å ha eit lotteri. Då ved å kjöpe ein ganske dyr gevinst. Styret var einige om at dette var eit bra alternativ. Ein vart einige om å halde lotteriet i Februar - Mars - April, då med trekning i Mai.

Sak 4.

Forslag om å ha fellestrening Laurdag. Det vart og bestemt at det skulle settast opp annonse i Vestlandsnytt om kva tid treningstidene skal vera.

Sak 5. Ymse: 1) sak om vasking. Det vart sagt at styret syntest at vaskingsrekningane var ein del for store. Ein vart einige om å pröve å gjere noko for det. Forslag om å sende brev til kommunen og til hoved-styre om saka. I Jula vil gruppa ordne med vasken sjölve.

Mötet vart so avslutta.

sek. Tor Berge.